



Vekeplan for 6.trinn

Veke 43

Økt	Måndag 21.oktober	Tysdag 22.oktober	Onsdag 23.oktober	Torsdag 24.oktober	Fredag 25.oktober
1.	A: Norsk / Naturfag B: Norsk / Matte C: Norsk / Norsk D: Norsk / Engelsk	A: Norsk / Norsk B: Norsk / Engelsk C: Norsk / Matte D: Norsk / Matte	A: KRLE / KRLE B: Symjing / Samfunn C: Samfunn / Symjing D: Musikk / Samfunn	A: Kroppsøving / Nat B: Norsk / Matte C: Norsk / Kroppsøving D: KRLE / Engelsk	A: Norsk / Norsk B: Norsk / KRLE C: Norsk / Matte D: KRLE / K&H
2.	A: Olweus B: Mat og helse C: Engelsk D: DKS	A: Matte B: Matte C: Norsk D: K&H	A: KRLE B: Naturfag C: Naturfag D: Symjing	A: Engelsk B: Musikk C: DKS D: Mat og helse	JOGGEDAG 
3.	A: Norsk B: Mat og helse C: Matte D: Norsk	A: DKS B: Bibliotek/Norsk C: Musikk D: Matte	A: K&H B: K&H C: Engelsk D: Norsk	A: Norsk B: Engelsk C: Samfunn D: Mat og helse	
4.	A: Samfunn B: Mat og helse C: KRLE D: Matte		A: K&H B: K&H C: KRLE D: Matte	A: Matte B: Kroppsøving C: Olweus D: Mat og helse	
	kl.08.15 - kl.13.55	kl.08.15 - kl.12.45	kl.08.00 - kl.13.55	kl.08.15 - kl.13.55	

Mål for veka:

Sosialt	Eg øvar på å gje andre rom til å vere seg sjølv
Samfunnsfag	Eg kan plassera europeiske land på eit kart.
Naturfag	Eg fortel om korleis plantar spreiar frøa sine.
Engelsk	Eg kan utforska situasjonen til urfolk i land der engelsk brukast og i Noreg.
Norsk	Eg les og skriv samansette tekstar og jobbar med bruk av enkel og dobbel konsonant
Matte	Eg beskriv sannsyn med ord.
KRLE	Skildre eigne og andre sine synspunkt i ulike saker

Lesemål: Har naturleg pause ved teiknsetjing (komma, punktum). Eg har ulikt tonefall og innleving når eg les høgt.

Heimearbeid:

Vekeleke	Oppdatere og lade opp iPad
Til tysdag:	Lesing: Les lekse til tysdag på Showbie/OneNote. Les inn eit avsnitt på OneNote/Showbie og fortel munnleg kva resten av teksten handlar om. Svar på A-spørsmåla skriftleg.
Til onsdag:	Engelsk: Øv 15 min på Seterra, Nord Amerika – statar. Prøve 1 på torsdag. Du vil få fleire like prøver som vil vise framgang.
Til torsdag:	Lesing: Les same lekse til torsdag på Showbie/OneNote. Les eit nytt avsnitt inn på OneNote/Showbie og svar på B-spørsmåla skriftleg.
Til fredag:	Lesing: Les 20 minutt i stillelesingsboka di og skriv kva du har lese, tittel og forfattaren på boka. Hugs heile setningar.

Vi på trinnet: Silje Hagen Thorsen, Maren Vardøy-Lie, Hanne Britt Rimestad, Roger Gauthun, Alf Urdal, Hanne Lise Solheim, Unni Einarsen, Kirsten Alstadsæter og Sissel Pedersen

Melding til heimen:

- Hugs symjing onsdag. Det gjeld 6B, C og D. Desse må ha med symjetøy, badehette og handkle. Dei skal sykle til symjehallen. Det er difor viktig at dei har sykkel og hjelm denne dagen.
- Det er viktig at alle er kledd etter veret. Pass på å ha skifteklede i skapet, særleg sokker. Vi ser at det nokre elevar som blir litt blaut etter friminutta.
- I år vil me på Rosseland delta i aksjonen «Skolejoggen», der pengane går til «SOS-Barnebyer», og deira arbeid for å gi barn som manglar omsorg frå vaksne, ein kjærleg familie og ein trygg heim. Dato for hovudarrangementet vårt er **fredag 25.oktober kl 10.00-12.00** i Sandtangen. Der ønskjer me å ha ei felles oppleving som skule, og gjera noko saman for ei felles og viktig sak. Det blir laga to ulike løyper; ei løype for 1.-3.trinn, og ei for 4.-7.trinn. Alle elevane skal då vera med å jogga for å hjelpa barn på flukt. Elevane blir oppfordra til å springa så mange rundar som mogleg, og det blir konkurranse mellom klassane om kven som klarar flest rundar til saman. Det vil bli premiering på begge løypene!
Les meir på heimesida.
- 6.trinn skal vere med på DKS (Den Kulturelle Skulesekken) den 21.10, 22.10 og 24.10. Emnet denne gong er «**Hvalagapet**».
- Registrering av bruk av refleks og “gå til skulen aksjon” kvar morgon i neste veke. Kva som helst av refleks gjeld og at du går, sykklar eller sparkar til skulen.
- Det blir elevundersøking i løpet av veke 43. Klassane tek undersøkinga når det passsar i løpet av veka.
- Det blir sal av mat i kantina i veke 43. 6.trinn kan handle tysdag og torsdag i matfriminuttet. Det vil koste kr.20,-. Tysdag er det pastasalat og torsdag er det pizzahorn.

***Ha ei flott veke.
Helsing dei vaksne på 6.trinn.***



Vi på trinnet: Silje Hagen Thorsen, Maren Vardøy-Lie, Hanne Britt Rimestad, Roger Gauthun, Alf Urdal, Hanne Lise Solheim, Unni Einarsen, Kirsten Alstadsæter og Sissel Pedersen